



Blir det stopp i Uskedalen for Hardangerfjordekspresen?

Fylket sin samferdslekomite skal 6. mars ha eit ekstramøte og ta stilling til framlegget om at snøggbåten Rygerfonn skal gå innom Uskedalen eller Herøysund, sløyfa morgonstoppen på Os og gå ei kveldsrute.

Neste møte skulle egentleg haldast midt i april, men det er fleire hastesakar på programmet og difor må avgjerda også i saka om snøggbåtstopp påskyndast. Det hastar ikkje minst med å få ei avgjerd om eventuelle endringar for Hardangerfjordekspresen.

Saka har no vore ute på ei høyringsrunde og må avklarast før midten av april hvis ein skal få eventuelle endringar med i det nye ruteheftet som skal gjelda frå 1. mai. Det strekar komitemedlem Bente Bondhus under for Kvinnheringen.